

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 28.08.2007
Sakhandsamar: Carina Paulsen
Saka gjeld: **Utvikling av tilbodet til barn og unge innan psykisk helsevern**

Arkivsak
2003/386/330
Styresak 082/07 B

Styremøte 03.10. 2007

Bakgrunn:

Opptrappingsplanen for psykisk helse 1999-2008 utløpar ved utgongen av neste år.

Styret får her ei kort oversikt over måla og korleis tilbodet innan barne- og ungdomspsykiatrien har utvikla seg i forhold til måla i opptrappingsplanen.

Kommentarar:

1. Opptrappingsplanen for psykisk helse- mål for tilbodet til barn og unge

I opptrappingsplanen ble det satt fleire mål for utviklinga av tenestetilbodet til barn og unge. Det vert føresett ei auke i:

- tal på døgnplassar ungdom
- tal på dagplassar for born og unge
- tal fagpersonar til poliklinisk verksemd og
- produktiviteten i poliklinikkane

Konkret ble det satt eit mål at 5 % av barne- og ungdomsgruppa skulle kunne få tilbod i spesialisthelsetenesta.

Styret i Helse Vest RHF vedtok i mars 2004 ein regional opptrappingsplan for psykisk helse. Det vart her gitt føringar for utvikling av tilbodet. Det blei gitt rettleiande normer for dimensjonering av poliklinikkane og for produktivitet. Det blei ikkje føreslått konkrete tal for døgnplassar i tråd med nye nasjonale styringssignal.

Styret meinte at styrking av barne- og ungdomspsykiatrien skulle ha hovudprioritet i den vidare utvikling av tenestetilbodet innan psykisk helsevern. Dette har mellom anna medført at nye ressursar i opptrappingsplanen er fordelt til helseføretaka med barn og unge som prioritet nummer ein, og deretter DPS-a.

2. Status for investeringsprosjekta

Helse Vest RHF skal i løpet av opptrappingsplanperioden bidra til å realisera 18 utbyggingsformål (19 med nytt DPS-Stavanger)

Fleire av disse prosjekta gjeld barne- og ungdomspsykiatrien.

I Helse Førde er dei to prosjekta innan barne- og ungdomspsykiatrien som var prioriterte i opptrappingsplan, poliklinikken Sogndal og nye ungdomspsykiatrisk avdeling i Førde gjennomført.

I Helse Bergen er bygg for tre poliklinikkar, BUP Åsane, UP Årstad og BUP Fana under planlegging. Det er vidare under planlegging eit barnesenter som og vil ha døgnplassar for barn og unge med psykiske lidningar. I tillegg er ei utvidning av poliklinikken ved Hospitalet Betanien sett i gang, jf styresak 426/06.

I Helse Fonna er dei to prosjekta, nybygg for poliklinikk og døgnavdeling på Stord og familiebehandlingseining i Haugesund, gjennomført.

I Helse Stavanger er det planlagd ein ny poliklinikk for barn og unge. Denne inngår i eit samla bygg for barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling i Stavanger. Forprosjektet er godkjent, jf styresak 495/05

3. Status i Helseregion Vest

Samla tal for regionen

Tilbodet innan psykisk helsevern for barn og unge i Helseregion Vest har over lang tid vore mindre utbygd enn i de andre regionane.

Ved opptrappingsplanen sin start i 1998 var det ein dekningsgrad i Helse Vest samla på 1,4 %, dvs at 1,4 % av befolkninga i aldersgruppa 0- 17 år fekk tilbod. Landsgjennomsnittet var den gong 2,0 % med stor spreing mellom regionane.

Av førebels Samdata tal for 2006 går det fram at dekningsgraden i Helseregion Vest i 2006 er auka til 3,5 %. For landet som heilskap er dekningsgraden 4,3 %. Helseregion Vest har framleis lågast dekning, men har hatt ein prosentvis god utvikling frå 1998-2006. Aukinga frå 2005-2006 er likevel svak, dvs berre 0,3 prosentpoeng. Med tanke på at målet er 5 % dekning innan 01.01.09 er det ikkje tilfredsstillande.

Det blei i opptrappingsplanen anbefalt eit behov for 500 døgnplassar på landsbasis. Dette er seinare nedjustert til 400. Helse Vest har i dag 70 plassar, og ytterligare 19 er planlagde, høvesvis i Helse Bergen og Helse Stavanger, men disse blir ikkje ferdigstilte før etter 2008. Helse Vest vil då ha god dekning sett i forhold kva som samla sett er anbefalt for landet.

Over 90 % av pasientane innanfor det psykiske helsevernet for barn og unge vert behandla poliklinisk. Det er dermed ressursinnsats og produktivitet ved poliklinikkane som avgjør dekningsgraden i forhold til barne- og ungdomsgruppa, og avvikling av ventelister.

Det har i helseregionane vært ein auke i talet på personellinnsats i poliklinisk verksemd. Helse Vest har hatt størst auke, ein auke på 11 prosentpoeng i perioden 1998- 2005.

Det er i alle helseføretaksområda utvikla lokale/ desentraliserte polikliniske tilbod. Sjølv om tilbodet har blitt betre er likevel utviklinga når det gjeld ventetid ikkje tilfredsstillande. Det skuldast at talet på tilvisningar auka.

Produktiviteten i poliklinikkane var ved starten av opptrappingsplanen nokså lik i alle regionane, rundt 250 tiltak per årsverk. Alle regionane har hatt ein auke i talet på tiltak per behandlar. Helse Vest hadde i 2005 359 tiltak per behandlar(Samdata 2006).

Det ligg så langt ikkje føre offisielle tal for dekningsgrad i helseføretaka i 2007.

Det skal for barn og unge under 23 år med psykiske lidingar og/ eller rusmisbruk innførast ein særskilt ventetidsgaranti frå 2008. Ingen skal vente meir enn 10 dagar på vurdering, eller 65 virkedagar på behandling.

I forbindelse med den nye ventetidsgarantien for barn og unge, har Stortinget tildelt 1,4 millionar til Helse Vest RHF til prosjekt som understøttar og medvirke til at mål og fristar kan overholdast. Midlane er fordelt etter ein prosess der helseføretaka har medverka.

Helse Førde

I Helse Førde er det tre BUP einingar; Nordfjord, Sogndal og Førde BUP. I Førde er det og ei ungdomspsykiatrisk døgneining med 8 plassar. Døgneininga har også eit akutt-tilbod.

Helse Førde hadde ein dekningsgrad på 4,6 % i 2006. Nordfjord BUP oppnådde målet om 5 % deking i 2006, og 20 % av disse er i alderen 0-6 år. Sogndal og Førde BUP låg på 4,2 % ved årsskiftet.

Ved Førde og Sogndal BUP har ein problem med rekruttering av psykologar/ psykologspesialistar, noko som er med på å gi liten stabilitet, og går utover kapasiteten.

For å nå målet i opptrappingsplanen er det behov for fleire ressursar til poliklinikkane.

Helse Bergen

Helse Bergen har tilbod ved fleire einingar. Det er mellom anna ein barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk ved Voss sjukehus. I Helse Bergen er tilbodet organisatorisk samla i Avdeling for psykisk helsevern for barn og unge. Det er her 5 poliklinikkar, og 25 døgnplassar for barn og unge, inkludert ein familiepost med to små husvære. I tillegg er det tilbod ved Hospitalet Betanien.

Helse Bergen hadde ei dekningsgrad på 3,7 % i 2006.

For å korte ned på ventetida og oppnå dekningsgrad på 5 %, må den polikliniske kapasiteten aukast betraktelig i 2007 og 2008. Styret i Helse Bergen vedtok i april i år å auke budsjettet i 2007 for Psykiatrisk divisjon med 4 mill kroner. Budsjettstyrkinga skal sikre ein auke i den polikliniske kapasiteten til barn og unge. Det er og behov for å auke kapasiteten på døgntilbodet, og det er under planlegging ei utbygging som vil gi samla 40 døgnplassar og 12 dagbehandlingsplassar.

Helse Fonna

I Helse Fonna har ein to BUP-område, BUP Haugesund og BUP Stord/ Kvinnherad, som til saman dekkar alle kommunane. Det er ein ungdomspsykiatrisk post på Stord med 4 døgnplassar og ein ungdomspsykiatrisk post i Haugesund med 6 døgnplassar, samt 4 plassar for barn. De siste kan og nyttast for familiar.

Helse Fonna hadde ein dekningsgrad på 3,2 % i 2006.

Helse Fonna har laga ein strategiplan for å oppnå målet med 5 % deking og kortare ventetid innan utgangen av 2008. De skal ha fokus på rekruttering av fagfolk, auke kapasiteten i poliklinikkane ved hjelp av opptrappingsmidlane, gruppetilbod til fleire, samarbeidsavtalar med kommunane og ein kontinuerlig vurdering av kvalitet, effekt og kost-nytte.

Helse Stavanger


I Helse Stavanger er det etablert poliklinikkar i Eigersund, Stavanger, Bryne, Sandnes og på Sola. Den største poliklinikken ligg i Stavanger, som i tillegg har dag-/ døgntilbod, familiepost og to ungdomspostar med 12 døgnplassar.

Stavanger hadde i følgje Samdata ein dekningsgrad på 3 % i 2006. Vi ser av nyare tal på psykiatrisk klinikk at ventetida går i riktig retning. Det er kun frist- brot ved poliklinikken i Sandnes, som har slitt med ledige stillingar og mange sjukemeldingar. Der er derimot inga ventetid for dei alvorligaste tilstandane da disse blir prioritert, og det er inga ventetid for innlegging på postane.

Helse Stavanger tok opp saken angående dekningsgrad i sitt styre i mars 2007, styresak 027/07, der det ble vedtatt ein opptrappingsplan for å imøtekomme kravet om 5 % dekning i barne og ungdomspsykiatrien. Psykiatrisk klinikk vil med basis i opptrappingsplanen foreta ein oppbemanning av barne og ungdomspsykiatrisk avdeling slik at ein kan få nødvendig bemanning for i ivareta målet om 5 % dekningsgrad.

Styret i Helse Stavanger vil prioritere barne og ungdomspsykiatrisk avdeling ved tildeling av legeheimlar, slik at ein kan få nødvendige legeheimlar/ NR nummer i opptrappingsperioden. Det blei i 2007 øymerket 3 legestillingar til barne- og ungdomspsykiatri, jf styresak 166/07 i Helse Vest. Det ble og presisert at Styret i Helse Stavanger sjølv må vurdere behovet for nye stillingar innan barne og ungdomspsykiatri og foreta nødvendige prioriteringar.

4. Ventetider og ventelister



		mai.06	jul.06	mai.07	jul.07
Helse Stavanger HF	Ant ventande	396	378	322	335
	Ekstern ventetid	138	147	94	108
	Gjsn v.tid avvikla	134	177	91	100
Helse Fonna HF	Ant ventande	184	176	166	174
	Ekstern ventetid	87	111	87	95
	Gjsn v.tid avvikla	119	111	94	91
Helse Bergen HF	Ant ventande	243	332	365	401
	Ekstern ventetid	97	115	103	101
	Gjsn v.tid avvikla	102	85	109	99
Helse Førde HF	Ant ventande	106	124	97	90
	Ekstern ventetid	89	94	61	80
	Gjsn v.tid avvikla	66	59	84	80

Ser vi på regionen som heilskap har ventetida variert noko frå år til år, men siste året har ventetida gått noko ned. Talet på ventande har derimot gått opp i perioden 2004 til 2007, men det har ikkje vore nokon auke frå 2006 til 2007.

I Helse Stavanger var det i juli 2006, 378 som venta på behandling, og 335 i juli 2007. Ventetid ventande har gått ned frå 147 dagar i juli i fjor, til 108 dagar i år(NPR).

I Helse Fonna har talet på ventande gått ned frå 176 til 174 dagar frå juli 2006 til juli 2007. Talet på dagar ventetid er gått ned frå 111 til 95 siste år.

Talet ventande i Helse Bergen har derimot gått opp frå 332 i juli 2006 til 401 sama tid i år. Ventetid i dagar har gått ned frå 115 til 101 i juli 2007.

Det var i Helse Førde 124 ventande barn og unge i juli 2006, og 90 i juli 2007. Ventetid for ventande har gått ned frå 94 til 80 dagar same periode(NPR).

5. Utfordringar i resten av perioden

Det er utvikla eit tenestetilbod med desentraliserte poliklinikkar i tråd med intensjonen i opptrappingsplanen. Det har vore ei monaleg styrking av tilbodet, ei kraftig auke i tal stillingar, og fleire barn og unge får hjelp.

Sjølv om ventetida har gått ned det siste året, er det likevel ikkje tilfredstillande som følgje av talet på tilvisningar. Den nye ventetidsgarantien vil i så måte representere ei særskilt utfordring.

Med ein dekningsgrad på 3,5 % vil det være ei stor utfordring for RHF-et samla å nå målet om 5 % dekning innan utgangen av 2008.

Det er grunn til å være bekymra over den svake auka i dekningsgraden, og det er heilt naudsynt med tett oppfølging av HF-a for å sikra framdrift i arbeidet. Målsettinga om 5 % dekning må stå ved lag.

Helseføretaka må aktivt arbeide for å betre tilbodet og redusera ventetida for barn og unge med psykiske lidningar. Dette må gjerast ved intern omfordeling av ressursar, og gjennom å auka produktivitet og betre arbeidsformer. Rekruttering av personell vil være ei særskilt viktig oppgåve.

Forslag til vedtak:

1. Styret føresett at helseføretaka og dei private institusjonane som Helse Vest RHF har avtale med, vil være i stand til å gi et tilbod til barn og unge i helseregionen som tilsvarar minimum 5 % av barne- og ungdomsgruppa innan utgongen av 2008.
2. Styret ser det som heilt naudsynt med tett oppfølging av helseføretaka for å sikre framdrift i arbeidet.
3. Helseføretaka må innan 1 mars 2008 gje ein utfyllande rapport om utviklinga.